

Iskalde tekster frå Rønnaug Kleiva –

Langs somme badestrender går det farlege understrumar, iskalde straumar som kan rive dei badande med seg, så dei aldri vert attfunne. På dagar med særleg sterke straumar vert det hengt opp ei åtvaring til badegjestene; eit svart flagg.

Gjer klar til eit dykk ned i Rønnaug Kleivas «Fangeteneste»!

Of lat oss starte med eit nyord i norsk: I novella «Ei kvinne og ein mann drikk vin i eit badekar etter ei gravferd» fortel Kleiva om kvinna at ansiktet hennar er «skarpt, ja, tilnærma knivleg». Det er tekstene i «Fangeteneste» også.

Rønnaug Kleiva (f. 1951), opphavleg frå Vartdal, har sidan debutboka i 1985 gjeve ut dikt, prosalyriske bøker og bøker for barn og ungdom. Ho har fått Noregs Mållag sin barnebokpris og Samlagsprisen. For «Ikkje gløym å klappe katten» fekk ho i 1997 både Kritkarprisen for barne- og ungdomsbøker og Kulturdepartementets barnelitteraturpris.

Kleiva har rydda seg plass som isdronninga i norsk samtidslitteratur.

Med «Fangeteneste» konsoliderer ho stillinga. Temperaturen varierer frå kjøleg til iskald.

Det er dels grotesk, det er lakonisk, dystert og det er innslag av svart humor. Men mest av alt insisterer Kleiva på den gamle sanninga; at meir skremmande enn hatet er like-sæla!

«Fangeteneste» er ei bok om like-sæle. Om menneske som har mist evna til samkjensle og empati. Som har lagt alle emosjonar på is. I så måte vert samlinga eit uttrykk også for vår eiga tid, der ironien synest å vere den einaste lovlege uttrykksforma. Slik vert «Fangeteneste» også ei viktig bok.

Men jaggu er det er makabert av og til: Tre venninner klatrar i fjellet. Den eine ... ops ... ramlar ned. Dei to attlevande sjekkar i sjuande sansen om dei har høve til å delta i gravferda. Det har dei. Så planlegg dei talane sine ved båra. Etterpå legg dei seg til å sove i teltet.

Det kunne bikke over, men det fungerer, og det fungerer godt. For språkleg og kompositorisk er Kleiva ein meister. Ho skriv ein lett nynorsk, med berre små avvik frå læreboknormalen. Språket kan verke preglaut, men står fullkome til menneska og miljøa. Stilen er kort-

hogd, og forfattere held ein - ja, kjøleg - distanse til personane. Novellene framstår gjerne som små akter eller tablå. Forfattere teiknar miljøet i raske skiss, og så spelar handlinga seg ut i dialogen. Det er så definitivt eit hemingwaysk preg over forteljarstemma i «Fangeteneste».

Stemma er sterkest når tekstene vert avslutta, når forfattere i ein kort epilog bringar verda attende til det normale. Som i «Ei kvinne blir forlaten og drep ei av døtrene sine». Etter drapet går kvinna på restaurant. Novella sluttar slik: «Ein mann kjem inn. Han ser ei middelaldrande, sminka kvinne sitje åleine med eit glas framføre seg. Han tenkjer at ho må vere takande og set seg ved bordet ved sida av».

Med dette er flagget heist.

Og når det gjeld kvinna med det knivlege ansiktet - ja, så er det «difor ho når det trengst, i samanhengar med mykje folk, plar ta seg ein valium, ikkje nødvendigvis ein heil. På det viset blir andletet rundare, som eit stort fat med frukt ... «

SL

Rønnaug Kleiva
Fangeteneste
152 sider. Innb. kr 248,-
Det Norske Samlaget



Isdronninga i norsk litteratur, Rønnaug Kleiva, er i handelen med novelle-samlinga «Fangeteneste».